

Velferdsutvalet

Dato: 17.02.2023

Ref: 033

Vedteke i kommunestyret 16.02.23 PS 2/23

Retningslinjer for Velferdsutvalet for rehabilitering, helse og omsorg.

1. FØREMÅL

Velferdsutvalet (heretter kalla utvalet) skal ha som føremål å sjå etter at brukarane opplever å få forsvarleg behandling og omsorg. Vidare skal utvalet sjå etter at brukarane opplever å bli handsama omsynsfullt og med respekt for sin integritet. Utvalet skal vera merksam på alle tilhøve som kan ha innverknad på brukaren si utvikling, trivsel og velferd.

2. MEDLEMMER

Utvalet skal ha minst tre medlemmer. Begge kjønn bør vera representert. Det skal oppnemnast 2 varamedlemmer. Utvalet vel sjølv leiar.

Utvalet vert oppnemnd av utval for rehabilitering, helse og omsorg for 4 år om gongen og følgjer valperioden.

3. TENESTESTADER

3.1. Eining Stord sjukeheim, herunder alle avdelingar, utanom avd. natt

3.2. Eining Knutsaåsen, herunder alle avdelingar

3.3. Eining for aktivitet og rehabilitering, herunder alle avdelingar

3.4. Eining for habilitering, herunder Avdeling Sæbø gard

3.5. Eining for Psykisk helse og rus, herunder avdeling Dagsenter

Utvalet kan i tillegg ha ei kontakt og formidlingsrolle for dei resterande einingane under RHO sitt ansvarsområde der det ikkje er føremålstenleg med heimebesøk. Utvalet skal i størst mogleg grad synleggjera seg for brukarar, pårørande og tilsette i desse einingane og fungera som eit kontaktledd mellom desse og administrasjon/rådmann.

4. UTVALET SINE OPPGÅVER

4.1. Utvalet skal utføra tenester på vegne av utval for rehabilitering og omsorg, jf. kommunelova § 5-7, 3. ledd om arbeidsutval, jf. § 5-1, 2. ledd e). Utvalet skal sjå til at:

- lokale, utstyr og hjelpemiddel vert opplevd som tenlege
- hjelpa brukaren får, vert opplevd som trygg

4.2. Utvalet skal sjå til at den einskilde brukar:

- Opplever å bli handsama med omsyn og respekt, i tråd med eigne behov, livssyn og integritet

5. VITJING

Utvalet (ved minst 2 medlemmer) skal utføra sine tenester ved å vitja tenestestaden og sjå til brukarane opplever å få dei tenestene dei har krav på. Medlemmene av utvalet bør bera identitetskort under vitjingane. Utvalet skal gjennomføra minimum ei vitjing per år per eining, der vitjing kan skje utan førehandsvarsel. sjå til at Informasjon vert innhenta gjennom dialog med brukarar, pårørande tilsette og leiarar i eininga. Utvalet kan formidla meldingar frå brukarar eller pårørande, men skal ikkje sjølv handsame klage frå bebuarar/pårørande. Sjå eige punkt om rapportering.

6. INFORMASJON FRÅ EININGA

Einingane som er omfatta av ansvarsområdet, har plikt til å hengja oppslag på tenestestaden der informasjon om utvalet går fram.

7. ÅRSRAPPORTERING

7.1. Vitjingsrapport

Etter kvar vitjing skal det utarbeidast ein vitjingsrapport. Vitjingsrapporten skal sendast til eininga for kommentar. Eininga skal senda sine kommentarar til utvalet utan ugrunna opphald og seinast innan 6 veker. Deretter vert vitjingsrapporten, saman med eininga sine kommentarar, sendt til utvalet sine medlemmar, rådmannen og utval for rehabilitering, helse og omsorg. Sjå mal for vitjingsrapport i vedlegg 1.

7.2. Årsrapport

Ved utgangen av året skal utvalet utarbeide ein rapport som inneheldt:

- Tal på vitjingar
- Møter
- Oversyn over dei saker som utvalet har drøfta i løpet av året

Rapportane er offentlege etter offentleglova, med mindre det ligg føre graderingsheimel.

8. TEIEPLIKT

Medlemmene har teieplikt etter helse og omsorgstenestelova [§ 12-1](#).

9. UTGIFTER

10. Utgifter til medlemmene i utvalet vert dekkja av kommunen.

Vedlegg
1

Vitjingsrapport